



SANDE KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Formannskapssalen
Dato: 25.04.2018
Tid: 08.00 – 10.30.

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Olav Myklebust	Leiar	Sp.
Linda Solveig Dyrhol	Nestleiar	V
Wenche Gjerde Sætre	Medlem	H
Gro Brandal	Medlem	Ap
Asbjørn Støylen	Medlem	Tvp

Olav Myklebust fekk permisjon og var borte i sakene 18, 19 og 20 (vedl. 3).

Asbjørn Støylen fekk permisjon og var borte i sakene 18, 19, 20 (vedl. 3), 21 og 25.

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn

Varamedlemmar som møtte:

Namn

Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar
Ida Birgitte Marholm	Konsulent. Ikkje i sak 18, 19, 20 (vedlegg 3), 21 og 25.

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS):

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
Oddbjørn Indregård	Konst. rådmann. I sak 22, 24 og delar av sak 20 (vedl. 1 og 2).

SAKLISTE

- SAK 17/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL
- SAK 18/18 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
- SAK 19/18 GJENNOMGANG AV MØTEPROTKOLLAR 2018
- SAK 20/18 MELDINGAR
- SAK 21/18 OPPSUMMERING ORIENTERINGSBESØK GJERDSVIKA
- SAK 22/18 ØKONOMISK STYRING – ORIENTERING VED ORDFØRAR OG RÅDMANN
- SAK 23/18 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2017
- SAK 24/18 KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2017
- SAK 25/18 UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
17/18	033	17.04.2018	25.04.2018	IBM

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Samrøystes vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sakene vert å behandle i denne rekkefølga: 17, 23, 20 (vedlegg 1 og 2), 22, 24, 18, 19, 20 (vedlegg 3), 21 og 25.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
18/18	049	17.04.2018	25.04.2018	IBM

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 14.03.2018.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 14.03.2018.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
19/18	033&58	17.04.2018	25.04.2018	IBM

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2018

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Sande kommune si heimeside -

<https://innsyn.ssikt.no/sande/Dmb?page=2640,9882&lang=1>

Møteprotokollar til gjennomgang

Kommunestyret	17.04	
Formannskapet	20.03	10.04
Næring-, teknisk- og miljøutvalet	04.04	
Ungdomsrådet	23.03	03.04

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
20/18	033&17	17.04.2018	25.04.2018	IBM

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Frå Fylkesmannen: Svar ang. lukking av tilsyn – Kommunal beredskapsplikt. Jf. kontrollutvalssak 31/17.
2. Kriseplan Sande kommune. Jf. kontrollutvalssak 43/17.
3. E-post frå oppvekst- og kultursjef, av 11.04.2018: Tilsyn kommunale barnehagar i Sande. Jf. kontrollutvalssak 04/18.

I møtet

Rådmannen orienterte om prosess vedkomande lukking av avvik, jf. Melding 1.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
21/18	033	17.04.2018	25.04.2018	IBM

OPPSUMMERING ORIENTERINGSBESØK GJERDSVIKA

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek oppsummering frå orienteringsbesøk 17.01.2018 til vitende.

Vedlegg

Oppsummering av orienteringsbesøk 17.01.2018.

Saksopplysning

Kontrollutvalet hadde etter ordinært kontrollutvalsmøte 17.01.2018 orienteringsbesøk ved Rises minne og Gjerdsvika oppvekstsenter.

Ein viser til oppsummeringa frå orienteringsbesøket som ligg ved.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
22/18	030&18	17.04.2018	25.04.2018	IBM

ØKONOMISK STYRING – ORIENTERING VED ORDFØRAR OG RÅDMANN

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen og ordføraren til vitende.
2. Kontrollutvalet viser til kontrollutvalssak 24 Kommunerekneskapen med årsmelding 2017 og gjennomgangen der.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysningar

Kontrollutvalet gjorde i sak 10/18 Meldingar pkt. 1 slikt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet kallar inn ordførar og rådmann til neste møte (25.04.18) for å orientere om den økonomiske styringa av kommunen.

I møtet

Ordførar og rådmann orientere og svara på spørsmål.

Næringsfondet:

Sande næringsforum nedlagt i slutten av 2016, flytta over fondsmidlar til kommunen. I 2017 har kommunen administrert fondet, normalt brukbart år med antal søknadar og tilskot. Ca utbetaling 500 000. Ikkje påfyll i 2018, då det står 588 000 på konto. Bygd opp fondsmidlar over fleire år. Nytt regelverk i 2018 som gjer at kommunen må inn med 50% av midlane som står på fondet for å få midlar til disposisjon. Ein del krav, godkjenningar og rapporteringar som må til for å få tildelt midlar, ikkje aktuelt for mange.

Økonomisk styring:

Manglande arbeidsgjevarkontroll vedkomande ferie og overtid. Elektronisk system for registrering av arbeidstid har ikkje vore vurdert siste tre åra.

I rådmannen sitt frávær har det ikkje vore sett inn nye ressursar. Prøvd å gjort det beste ut av situasjonen.

Fondsavkastninga som gjer at rekneskapet går i pluss, då ein hadde budsjettert med kr 0. Store avvik på inntekter og utgifter. Nøktern år med tanke på drift. Budsjettrammene låg stort sett på forbruk i 2016.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
23/18	216	20.04.2018	25.04.2018	IBM

REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2017

Samrøystes vedtak

1. Ut frå dei opplysningane som ligg føre har kontrollutvalet ingen merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2017 for Sande kommune.

Vedlegg

1. Rapport frå revisjonen. Motteke 20.04.2018.
B- dokument (**Unnateke off. innsyn, jf. Offl. § 24, 1. lekk**)

Saksopplysning

Denne saka er todelt. Det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen, og arbeidet som er gjort. Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen, vert gjort merksam på tilhøve som det kan vere noko mangel på og/eller kan gjerast betre.

I Kommunelova §77 nr 4 står det: «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Kontrollutvalet si oppgave er utdjupa i forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (kontrollutvalsforskrifta) §6:

«Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.»

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt «på sjå»-ansvar overfor rekneskapsrevisor, vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.

I tillegg kjem revisor si orientering/gjennomgang av revisjonsarbeidet for året.

Under finn ein kva som er/vil bli gjort i høve til anbefalingane i rettleiaren:

(RF = Forskrift om revisjon og KF = Forskrift om kontrollutval)

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor RF §11.
Krava er følgt opp.
2. Krav til vandel for oppdragsansvarleg RF §12.
Revisor har ikkje meldt noko uregelmessig.
3. Dokumentasjon av revisor si uavhengigheit. RF §15.
Revisor har levert skriftleg eigenvurdering for året.
4. Generelt om revisor si uavhengigheit og objektivitet. RF §§13 og 14.
*Så langt vi har kjennskap til revisor er ho uavhengig.
Det er ikkje grunn til å tru anna enn at revisor vurderer si uavhengigheit fortløpande.*
5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald
*Kontrollutvalet sin kunnskap om kva revisjonsarbeidet omfattar er gjennom erfaring med revisjonen, skriftlege og munnlege orienteringar frå revisjonen og forbundsbasert kontroll på revisjonseininga frå Norges kommunerevisorforbund. Siste forbundsbasert kontroll var i 2016 – og resultatet vart formidla til kontrollutvalet som melding.
I tillegg ligg det føre, jf. vedlegg -dokument frå revisjonen.
Dette dokumentet er omfattande og detaljert, og omhandlar revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for 2017 rekneskapen.
Dokumentet gir kontrollutvalet ei grei oversikt og innsikt i arbeidet revisjonen har gjort. Dokumentet sitt detaljnivå gjer at det er unnateke offentleg innsyn og vil berre vere tilgjengeleg for kontrollutvalet i samband med deira påsjå-ansvar overfor revisjonen.
Frå oppsummeringa om revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon:
Kommunen har eit ryddig og rimeleg godt dokumentert reknesnak (men fortsatt eit forbettringspotensiale), som er levert til revisjonen i god tid for å kunne rekke fristane vidare. Kommunen har gode rutiner som i all hovudsak vert fulgt. Leiinga er opptatt av at lover og reglar skal fylgjast, og økonomiavdelinga har god kompetanse for å sikre kvaliteten på rekneskapen.
Det er avdekkja enkelte manglar vedkomande intern kontroll, men vår vurdering er at desse ikkje medverkar til vesentlege feil i rekneskapen. Forholda er heller ikkje så vesentlege at revisjonen har funne det nødvendig å sende nummererte brev.*
6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet
Kontrollutvalet har inngått samarbeidsavtale med revisjonen.
7. Revisjonsstrategi.
Revisor har utarbeida revisjonsplan for 2017. Denne var til behandling/orientering i kontrollutvalssak 38/17.
8. Nummerert brev. RF § 4

- Kontrollutvalet har ikkje motteke nummerert brev i 2017.*
9. Mislegheiter. RF §§3 og 4, KF §8.
Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om mislegheiter i 2017.
 10. Revisjonsmelding. RF § 5
Revisjonsmeldingar ligg føre. *Revisjonsmelding for kommunen er datert 19.04.2018.*
 11. Revisor sin møteplikt og møterett. RF § 19, KF § 19.
Revisor har fylgd si møteplikt i kommunestyret i samsvar med lov/forskrift.
 12. Revisor sin opplysningsplikt. RF § 20.
Der er ikkje grunn å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som kommunestyret og kontrollutvalet burde hatt.

Leiaren tok opp om det var behov for gjennomgang og spørsmål til B-dokumentet, i så fall må møtet lukkast. Under drøftinga kom det fram at det var behov for gjennomgang og spørsmålsstilling.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes å lukke møtet under orienteringa og spørsmålsstilling til revisor, jf. Kommuneleva § 31, nr. 5, jf. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr. 2, då innsyn vil motverke revisjonen sin kontroll.

Møtet vart så opna igjen.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
24/18	212	19.04.2018	25.04.2018	JS

KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2017

Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2017 datert 19. april 2018.
2. Kontrollutvalet meiner at årsrekneskapen for Sande kommune for rekneskapsåret 2017 som består av balanse pr. 31.12.2017, driftsrekneskap som viser kr 160.143.722 til fordeling drift, eit positivt netto driftsresultat på kr 6.314.011 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 4.493.075, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta pr. 31.12.2017, samt notar og samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, kan godkjennast.
3. Kontrollutvalet viser til samtale med ordførar og rådmann, og tilhøve som vart teken opp vedkomande økonomisk styring.

Vedlegg

- Revisjonsmelding 2017. Datert 19.04.2018
- Rekneskap 2017
- Årsmelding del I 2017
- Årsmelding del II 2017
- Detaljert rekneskap 2017 (Uprenta vedlegg)

Saksopplysning

Grunnlag for kontrollutvalet si behandling er det avlagde årsrekneskapet, revisjonsmeldinga datert 19.04.2018 og den framlagde årsmeldinga.

Revisor og evt. rådmann/økonomisjef vil i møte kunne gi supplerande opplysningar.

Driftsrekneskapen viser kr 160.143.722 til fordeling i drift.
Rekneskapen har avslutta med eit rekneskapsmessegr mindreforbruk på
Kr 4.493.075. (Meirforbruk Kr 1.048.604 i 2017).

Revisjonsmeldinga

Revisor sin konklusjon om årsrekneskapen:

Rekneskapen av gitt i samsvar med lov og forskrift og gir per 31.12.2017 dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen og revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer flg. om andre lovmessige krav:

- Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak og årsrekneskapen er i rimeleg samsvar med regulert budsjett. Avvika er gjort greie for i årsmeldinga.
- Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.
- Leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk i Noreg.

Rekneskapen

Rekneskapen er oversiktleg og inneheld alle obligatoriske skjema.

Innhaldslista finn ein på side 2.

Notane «1 til 9» gir gode forklaringar/informasjon. Ein saknar note/opplysning om løn/godtgjersle til ordførar og rådmann. Vonar dette vert ordna for framtida.

Detaljert rekneskap, med investeringsrekneskap og balanse fylgjer også med.

Årsmeldinga Del I

Årsmeldinga har flg. inndeling:

Innhald frå side 3

Økonomi frå side 5

Ein ber særleg om merksemd vedkomande lånegjeld side 10, Dekning av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbruk side 13, sjukefråvær side 15, kommunestyresaker i året med status for iversetting frå side 21.

Personal / HMS arbeid frå side 14

Politisk styring frå side 20

Årsmelding Del II

Denne gir detaljert årsmelding frå einingane. Sjå meldinga.

Årsmeldingane I og II

Kommunelova § 48 nr 5 seier at det i årsmeldinga skal gjerast greie for tiltak som er sett i verk og tiltak som vert planlagt sett i verk for å sikre trygg kontroll og ein høg etisk standar i verksemda. I framtidige årsmeldingar bør dette kome betre fram.

Årsmeldingane er fyldige og gir god oversikt. Det bør likevel vurderast om det er mulig gjere desse kortare, særleg del II.

Avslutning

Då det i revisjonsmeldinga ikkje kjem fram noko atterhald eller presisering, årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift, gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12.2017 og resultatet for rekneskapsåret er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, har ein ingen merknad til det framlagde rekneskap for 2017.

I møtet

Ordfører og rådmann orienterte og svara på spørsmål.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
25/18	033	18.04.2018	25.04.2018	IBM

UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

Til å skrive under møteprotokollen vert vald nestleiar Linda Dyrhol og Gro Brandal.

Møtet slutt.

LINDA DYRHOL
Nestleiar

GRO BRANDAL
Medlem

Utskrift til:

Kommunestyret som melding.

Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.

Rådmann – til orientering.

Ordfører – til orientering.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.